



Biblioteksentralen

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo

postmottak@kud.dep.no

Oslo 17.juni 2013

Høyringsinnspel – NOU 2013:4 Kulturutredningen 2014

Styret i Biblioteksentralen AL har på sitt styremøte 13.juni 2013 handsama «NOU 2013:4 Kulturutredningen 2014», og har følgjande innspel til utgreiinga:

Kapittel 4. Kulturpolitikk som velferdspolitik

Etter krigen var det ei aukande interesse for folkeboksamlingane og politisk vilje til å ruste opp denne delen av kulturlivet. Statens bibliotektilsyn blei oppretta i 1949 som direktorat, etter vedtak om ny biblioteklov i 1947. A/L Biblioteksentralen avløyste i 1952 Folkeboksamlingenes ekspedisjon, som blei oppretta i samband med bibliotekreformen i 1902. Begge desse institusjonane var resultat av ein offensiv kulturpolitikk og behov for sentral styring og profesjonalisering av eit viktig kulturpolitisk område. Biblioteksentralen har i alle år etter dette levert viktige og sentrale fellesløysingar for folke- og skulebibliotek. Og vi arbeider kontinuerleg med å utvikle tenestene og produkta til beste for biblioteka og sluttbrukarane. Vi saknar omtale av dette i utgreiinga.

Kapittel 11.7.3 Digitale satsingar / 15.5.1 Biblioteket

Vi er samde i at ambisjonsnivået når det gjeld utviklinga av ein digital infrastruktur og e-bokutlånstilbod har vore for lågt på eit nasjonalt nivå. Biblioteksentralen har dei siste åra brukt mykje ressursar i arbeidet med å leggje til rette for utlån av e-bøker i folkebiblioteka. Det er utvikla eit teknisk system for utlån av e-bøker og det er inngått avtalar med forlag om levering av e-medium til folkebibliotek. Systemet som handterer utlån frå folkebiblioteka på ein måte som er akseptert av utgivarane, blei sett i drift i hausten 2012. Biblioteksentralen har avtalar med dei største forlaga om innkjøp av e-bøker som kan seljast til folkebiblioteka. Det er utfordrande å få på plass ein berekraftig lisensmodell for kjøp og handtering av e-medium i bibliotek. Avtalane som er signerte er difor prøveavtalar for å vinne erfaring før meir permanente og framtidsetta avtalar kjem på plass.

Dei tekniske løysingane er på plass, men det må på plass ein tydeleg politikk når ein skal utforme avtalar om utlån av e-bøker til folkebiblioteka, på same måte som ein har fått i stand avtalar om utlån av papirbøker og andre medium. For å utvikle ein livskraftig marknad for e-bøker og andre e-medium, er det viktig å sikre inntektsgrunnlaget til forfattarane og forlaga. Det krevst ytterlegare utgreiing og erfaringsinnsamling omkring e-medium i bibliotek for å sikre dette. Samstundes er det viktig at biblioteka får ei forutsigbar økonomisk ramme å arbeida innanfor. Vi er samde i at det er naturleg å be Nasjonalbiblioteket om å samarbeide med KS og andre aktørar om dette. Biblioteksentralen er eit serviceorgan for norske bibliotek med norske kommunar og fylkeskommunar som andelseigarar, og kan med si røynsle på området tilføre dette arbeidet verdifull kunnskap.

Kapittel 12.7 Fordeling av kommunenes kulturutgifter på ulike kulturformål / 12.9 Bibliotek

Utgreiinga viser at bibliotek har hatt realnedgang i kronebruk per innbyggjar i perioden 2001-2010. Biblioteksentralen er hovudleverandør av bøker, musikk, film, dataspel med meir til norske folke- og skulebibliotek. Biblioteksentralen ser tydeleg at innkjøpsbudsjetta til biblioteka er reduserte dei siste åra. Mediesamlingane utgjer kjerneområdet av tilbodet frå biblioteka til brukarane. Vi er samde i at handlingsrommet til kommunane til å prioritere ressursbruken i biblioteka gjennom m.a. nyinnkjøp, medfører skillnader mellom rike og fattige kommunar. Sett ut frå den viktige samfunnsmessige rolla til folkebiblioteka, er det urovekkjande at mange bibliotek ikkje er i stand til å oppretthalde breidde og kvalitet i samlingane sine.

Med vennleg helsing



Børge Hofset
Adm. direktør